



Tilskot 2017

Nå nærmar det seg slutten av året, og det er på tide å få sendt inn rest av timar til avløyning i 2017. Kontoutskrifta har med alt som er brukt til nå. I år har me dessverre **IKKJE** fått tala med maks. refusjon, og det synes me er veldig frustrerande. Det talet som evt. står på kontoutskriftene er i tillegg som oftast feil. Du vil finna det endelege talet ditt ved å gå inn på den siste søknaden om produksjonstilskot. Så må du rekna ut kva du har igjen:

Maks refusjon

-benytta hittil

= rest tilskot

Vindafjord: Rest tilskot : 1,288 = lønn

Alle andre kommunar: Rest tilskot : 1.327 = lønn

SISTE FRIST for å levera inn timar for 2017 er 10. desember.

Men me blir veldig glade for alt som kjem før det☺

Husk personnummer, banknummer, adresse og postadresse på alle nye! Samt arbeidsavtale med dei.

Timelister, overtid

Arbeidstilsynet er veldig strenge på utfylling av timelister. Timelistene skal innehalda, **dato, timar pr dag og klokkeslett frå – til**. Det siste kan skrivast i rubrikken til høgre på timelistene. Og så arbeider me med å laga ny versjon av timelistene der klokkeslett er med.

Her vil me jo også reklamera med at me har tilbud om elektroniske timelister, og der er alt dette på plass! Då er det avløyseren sjølv som fyller ut listene, og du som brukar skal berre godkjenna (evt. avvisa) før innsending. Ta kontakt dersom du er interessert i dette, så ordnar me tilgangen straks.

Og alt arbeid som er utover normal arbeidstid, må betalast som overtid med 40% tillegg. Her kom me i skade for å gi feil opplysningar i forrige skriv, og det må me berre beklaga. Men normal arbeidstid er etter tariffen i landbruket 37,5 timar, og den tariffen er **allmenngjort**, så det er pålagt å følgja den. Dette betyr at alt som er **over 9 timar pr dag og 37,5 timar pr veke er overtid**. Dette må me berekna enten det står på timelistene eller ikkje.

Opplæring, avvik

Og me vil igjen minna om ansvaret for å gi **god nok opplæring** til dei som skal gjera ein jobb hos deg. Pass og på å føra opp på **opplæringsskjemaet** etter kvart det du har gitt opplæring i, og signer begge to.

Alle **uønska hendingar** som fører/kunne ført til ulykker, skal rapporterast til oss på **avviksskjema**. Dette skjemaet har me sendt til alle tilsette, og det ligg også på heimesida vår, [www.haugaland-avløysarlag](http://www.haugaland-avløysarlag.no), der det kan fyllast ut direkte. Slik kan me gjera felles innsats for å hindra at uheldige ting skjer igjen. Me treng at alle gode krefter jobbar saman for å få ned ulykkesstatistikken i landbruket ☺

Og så vil me svært gjerne ha e-postadressa til alle medlemmer. Det sparer oss for mykje pengar og arbeid!

Dette blei visst mykje mas, - igjen.

Men me vil likevel få ønskja alle ei fin førjulstid ☺

Helsing Haugaland Avløysarlag SA,

Marianne og Gudveig